



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for levekår
Møtedato:	10.03.2026
Møtetid:	09:00 - -12:00
Møtestad:	Rådhuset, Knarvik, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Kjell Idar Vangberg	leiar	AP	
Kari Solveig Sæthre	nestleiar	SV	
Vigdis Villanger	medlem	SP	
Tone-Marit Øvretveit	medlem	AP	
Dyrkolbotn			
Matias Hatland Våge	medlem	AP	
Ida Rambech	medlem	H	
Asle Hetlebakke	medlem	KRF	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Jon Askeland	MEDL	SP
Joakim Byrknes	MEDL	KRF
Marie Mostraum	MEDL	FRP
Marius Hellan Hindenes	MEDL	V

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Anne Berit Bø	varamedlem	SP
Palmesen		
Elin Irene Klausen	varamedlem	KRF
Nina Stabell Øvreås	varamedlem	FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 8/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 9/26	Godkjenning av møteprotokoll Levekår 27.01.26	
PS 10/26	Bustadplan - trygge og gode bustader i Alver kommune 2026-2037	
PS 11/26	Auka kapasitet sjukeheims plassar ved Såta bu- og servicesenter 2026	
PS 12/26	Forslag om mellombels endring av føresegna i alkohollova om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrar 2026	
PS 13/26	Varde drift AS søknad om skjenkeløyve	
PS 14/26	Orientering til Levekår 10.03.26	
RS 4/26	Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift handlingsplan - Orientering i møte	
RS 5/26	Status og framdrift Housing First - orientering i møte	
RS 6/26	Forbetringsarbeid barns beste vurderingar - orientering i møte	
RS 7/26	Kontrollverksemd alkohol mm 2025 - orientering i møte	

PS 8/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for levekår - 10.03.2026:

Ingen merknadar. Samrøystes.

Vedtak i Utval for levekår - 10.03.2026:

Innkalling og saksliste er godkjent.

PS 9/26 Godkjenning av møteprotokoll Levekår 27.01.26 Godkjenning
av møteprotokoll Levekår 27.01.26 03.03.2026 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 10.03.2026:

Ingen merknadar. Samrøystes.

Vedtak i Utval for levekår - 10.03.2026:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 10/26 Bustadplan - trygge og gode bustader i Alver kommune
2026-2037 Bustadplan - trygge og gode bustader i Alver kommune
2026-2037 27.02.2026 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 10.03.2026:

Framlegg frå Vigdis Villanger-Sp, Kari S. Sæthre-Sv, Anne Berit B. Palmesen-Sp:

I bustadplan, siste kapittel "Alver kommune 2040 - innsatsområde" ynskjer å endre første setning til:

Alver kommune vil med bustadplanen starte arbeid med delvis strukturendring.

Framlegget fall med 3 røyster for mot 7 (Kjell idar Vangberg-Ap, Tone Marit Dyrkolbotn-Ap, Matias Våge-Ap, Asle Hetlebakke-Krf, Nina S. Øvreås-Frp, Ida Rambech-H. Elin Irene Klausen-Krf)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 7 røyster for 3 mot (Kari S. Sæthre-Sv, Vigdis Villanger-Sp, Anne B.B. Palmesen-Sp)

Protokolltilførsel frå Vigdis Villanger-Sp:

"RMNF vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med desse merknadane:

Rådet merkjer seg dei mange innspela som kom i høyringsrunden, og tek dei som uttrykk for at problemstillingane planen reiser vekkjer stor interesse. Innspela viser òg at det kan vera vanskeleg å trekkja tydelege grenser mellom denne planen og andre kommunale planar og prosessar. Dette gjeld t.d. arealplanen og skulebruksplanen.

Innbyggjarane er genuint opptekne av å ta vare på og vidareutvikla nærområda sine, og dette må det leggjast vekt på i det vidare arbeidet med alle desse planane.

Eit anna døme på ein prosess som bustadplanen heng saman med, er endringane i retningslinene for Alver tomteselskap. Desse må utformast slik at selskapet vert ein viktig aktør i arbeidet med å hjelpa vanskelegstilte inn på bustadmarknaden. Planane for bustad og areal bør òg leggja til rette for at kommunen gjer bruk av den forkjøpsretten som plan- og bygningslova gjev heimel for.

Rådet vil òg, nok ein gong, understreka den langsiktige gevinsten ved at alle nye bustader -- bygde i privat, så vel som i kommunal regi -- er universelt utforma, og dermed kan nyttast gjennom heile livsløpet. "

Vedtak i Utval for levekår - 10.03.2026:

Kommunestyret vedtek «Bustadplan – gode og trygge bustader i Alver kommune 2026-2037» slik den ligg føre.

Kommunestyret ber om ein statusrapport på innsatsområda innan 2029.

PS 11/26 Auka kapasitet sjukeheims plassar ved Såta bu- og servicesenter 2026 Auka kapasitet sjukeheims plassar ved Såta bu- og servicesenter 2026 02.03.2026 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 10.03.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak er samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 10.03.2026:

Kommunestyret godkjenner følgjande:

1. Alver kommune opnar 13 nye langtids plassar ved Såta bu- og servicesenter.
 2. Tiltaket skal bidra til å møte eit aukande behov for institusjons plassar, betre pasientflyt og redusere talet på betalingspliktige døgn utskrivingsklare pasientar i sjukehus.
 3. Tiltaket vert gjennomført så snart det er driftsmessig mogleg.
 4. Årseffekt driftsbudsjett 2026: 4,1 millionar kroner med oppstart frå september. Heilårseffekt frå 2027 med 12,2 millionar kroner. Vert finansiert via demografimidlar.
 5. Investeringsbehov ombygging 2026: 7,95 millionar kroner inkludert meirverdiavgift. Behovet vert finansiert med 1,59 millionar kroner i kompensasjon meirverdiavgift og 6,36 millionar kroner i lån.
- Finanskostnader er inkludert i vedtakspunkt 4.

PS 12/26 Forslag om mellombels endring av føresegna i alkohollova om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrer 2026
Forslag om mellombels endring av føresegna i alkohollova om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrer 2026
27.02.2026 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 10.03.2026:

Framlegg frå Matias Våge-Ap, Nina S. Øvreås-Frp:

Alver kommune opnar for skjenketider ut over Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune i unntaksperioden for fotball-VM i perioden 11.06.26-19.07.26 med følgjande vilkår:

- Det kan søkast om utvida skjenketid for gruppe 1 og 2 fram til kl. 0600
- Ordninga gjeld berre skjenkestadar som kan dokumentere direktesende kamper for gjestane.
- Ordninga gjeld for heile unntaksperioden 11.06.26-19.07.26

Utval for Levekår tilrår at kommunestyret ikkje sender saka til høyring.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster for mot 4 røyster (Asle Hetlebakke-Krf, Elin Irene Klausen-Krf, Ida Rambech-H, Kari S. Sæthre-Sv)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fall med 4 røyster for mot 6 røyster (Kjell Idar Vangberg-Ap, Tone Marit Dyrkolbotn-Ap, Matias Våge-Ap, Anne B.B. Palmesen-Sp, Vigdis Villanger-Sp, Nina S. Øvreås- Frp)

Vedtak i Utval for levekår - 10.03.2026:

Alver kommune opnar for skjenketider ut over Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune i unntaksperioden for fotball-VM i perioden 11.06.26-19.07.26 med følgjande vilkår:

- Det kan søkast om utvida skjenketid for gruppe 1 og 2 fram til kl. 0600
- Ordninga gjeld berre skjenkestadar som kan dokumentere direktesende kamper for gjestane.
- Ordninga gjeld for heile unntaksperioden 11.06.26-19.07.26

Utval for Levekår tilrår at kommunestyret ikkje sender saka til høyring.

PS 13/26 Varde drift AS søknad om skjenkeløyve Varde drift AS søknad om skjenkeløyve 03.03.2026 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 10.03.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 10.03.2026:

1. Varde drift AS org.nr. 935834856 får innvilga fast alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i lokala Vardegard Skjelangervegen 600, 5719 Rossland i prioden frå 10.03.26 – 30.09.28.
2. Løyvet gjeld for skjenking innandørs med om lag 70 gjestar.
3. Løyvet gjeld for skjenking utandørs gjeld for om lag 20 gjestar.
4. Skjenketider innandørs: Skjenketid for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 er mand -laurdag frå kl 10.00- 01.00. Sundag frå 12.00-01.00.

Skjenketid for alkoholholdig drikk gruppe 3 alle dagar frå kl 13.00 – 24.00

5. Skjenketider utandørs: Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er mand -laurdag frå kl 10.00- 01.00. Sundag frå 12.00-01.00. Skjenketid for alkoholholdig drikk gruppe 3 alle dagar frå kl 13.00 – 24.00

6. Styrar: Jens Kristian Mørkeby Rimau f. 03.05.83

Avløysar: Marthe Christine Valle f. 29.11.82

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29.

Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune

PS 14/26 Orientering til Levekår 10.03.26

Handsaming i Utval for levekår - 10.03.2026:

Utvalet tek orienteringane, samt orienteringar frå møtet 27.01.26, vert teke til orientering. Samrøystes.

Vedtak i Utval for levekår - 10.03.2026:

Orienteringane er teke til orientering.

RS 4/26 Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift
handlingsplan - Orientering i møte

RS 5/26 Status og framdrift Housing First - orientering i møte

RS 6/26 Forbetringsarbeid barns beste vurderingar - orientering i
møte

RS 7/26 Kontrollverksemd alkohol mm 2025 - orientering i møte